

Fakta

Telefon: 116 111 (gratis og anonymt)

Sms: 41 71 61 11

Epost: alarm@116111.no

Telefon frå utlandet: 0047 95 41 17 55

Opent kvardager 15.00-08.00 og heile tida i helgane og helligdager



Alarmtelefonen 116 111 for barn og unge

Alarmtelefonen er eit naudnummer for barn og unge, som er gratis å ringje. Alarmtelefonen er open når barnverntenesta er stengt.

Opningstid:

Erfarne vakter som er gode til å lytte og gje råd, tek telefonen kvar dag mellom 15.00 til 08.00 neste morgon. I helgar og på helligdager er telefonlinjene opne heile tida.

Gratis og anonymt for heile landet:

Alarmsentralen er lokalisert i Kristiansand og er drifta av Barnevernsvakta. Dei svarer på telefonar, e-post og sms frå heile landet og sikrar at du får hjelp så nærme som mogleg der du bur. Det er gratis å ringje Alarmtelefonen, og du kan vere anonym dersom du ynskjer det.

Kva skjer når du kontakter Alarmtelefonen?

Anonym om du ynskjer det

Når eit barn eller ungdom ringer alarmtelefonen kan dei vere anonyme dersom dei ynskjer det.

Fortell kva du er bekymra for

Dei bed deg fortelje eller beskrive kva som har skjedd eller kva du strevar med/bekymrer deg over.

Dei kan prøve å få nokon til å kome til deg

Viss du er midt i ein vanskeleg situasjon, kan alarmtelefonen ta kontakt med hjelpeapparatet der du bur. Dei samarbeider med barnevern, politi og legevakt og bed om at dei sjekker ut korleis du har det.

Kan sende bekymringsmelding for eller med deg

Mange barn som ringjer fortel om alvorlege situasjonar og bekymringar som dei har levd med over lengre tid. Alarmtelefonen kan sende bekymringsmelding i samarbeid med barnet eller ungdommen som ringjer til dei. Meldinga vert sendt til den kommunen barnet bur i, slik at dei og familien får den hjelpa dei treng.